

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Deres ref.: 201300227

Vår ref.: 160758/18070

Kristiansand, 09.09.2016

E-mail: br@wigemyr.no

BRUFOSSEN KRAFTVERK I BIRKENES - KONSESJONSSAK

Eg viser til brev eg sende på vegne av eigaren av gnr. 172, bnr. 1 i Birkenes, Knut Retterholt, til NVE den 24.02.14.

I brevet blei det peika på skadeverknader for gnr. 172, bnr. 1 som følgje av heving av elva ved inntaksdammen. Eg viser til det som er skrive i brev av 24.02.14 om forventna skadeverknader.

Utbyggar har i brev av 28.01.16 bagatellisert desse skadeverknaden, og hevdar at gnr. 171, bnr. 1 ikkje vil bli påverka av tiltaket.

Dette meiner Retterholt er feil. Utbyggar har opplyst at det skal setjast opp ein terskel i elva til inntaket (konsesjonssøknaden pkt. 2.2.4) på kote 186,8. Denne terskelen vil heve nivået i kulpen med 0,5 m. Dette fører til at vatnet vil bli oppdemma til kote 188,3.

Retterholt har hatt Landmålar Sør til å registrere høgdene på hans eigedom oppstraums terskelen. Badeplassen hans (merka betong) er ligg på kote 186,291, og vil derfor bli neddemt. Det same gjeld dyrka jord. Eg legg ved kart som viser dette.

Då målingane blir gjort av Landmålar Sør, var det lågvatn i elva og der terskelen skal byggast gjekk vatnet opp til kote 185,794. Problemet i elva er at vasstanden varierer mykje, og terskelen vil tvillaust føre til forsinking av vatnet og oppdemming.

Med venleg helsing
Advokatfirma Wigemyr & Co DA

Bjørgulv Rygnestad

PARTNERE

Adv. Helge Wigemyr (H)
Adv. Yngve Andersen
Adv. Kai Knudsen (H)
Adv. Johan F. Gjesdahl
Adv. Bjørgulv Rygnestad
Adv. Solveig Løhaugen
Adv. Erik Ottemo
Adv. Inger Johansen
Adv. Thor-Erik Andersen
Adv. Ronny Chr. Håkonsen
Adv. Tove K. Westbye
Adv. Nils Anders Grønås

ANSATTE ADVOKATER

Adv. Anne Sundøy

ADVOKATFULLMÆKTIG

Adv. Ole Petter Stige

IKONTORFELLESSKAP

Adv. Ivar Sveen (H)

(H) Møterett for Høyesterett

MEDLEMAV

Den Norske Advokatforening

ADVOKATFIRMA

WIGEMYR & CO DA
Vestre Strandgate 23
Postboks 716
4666 Kristiansand

T +47 38 17 87 10

F +47 38 02 04 58

E post@wigemyr.no

W wigemyr.no

Org. nr.: 977 049 997 MVA

Vedlegg: 1

Kopi: Knut Retterholt, Retterholt, 4760 BIRKELAND

